

# Spørjeundersøking blant pasientar

Folkehelseinstituttet inviterer pasientar som blir utskrivne frå døgnoophald i tverrfagleg spesialisert rusbehandling, til å delta i ei undersøking om erfaringane med opphaldet.

## KVIFOR?

- Pasientane sine erfaringar er eit viktig mål på kvaliteten av helsetenesta.
- Målet er å **gjere tenestene betre** for framtidige pasientar.



## FRIVILLIG OG FORTRULEG

- Det er **frivillig** å delta.
- Alle opplysningar som blir samla inn, blir behandla **fortruleg** av Folkehelseinstituttet. Dei tilsette ved institusjonen vil ikkje få vite kva akkurat du har svart.
- Kvart einaste svar vi får er viktig.
- **Du kan bidra til å gjere tenestene betre!**



## KORLEIS?

- Frå januar 2020 blir pasientar i tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) inviterte til å delta i ei pasienterfaringsundersøking.
- Før du blir utskriven vil ein av dei tilsette gi deg eit invitasjonsbrev med ein innloggingskode.
- Du svarer via Internett og kan bruke nettbrett, PC eller smarttelefon.



## MEIR INFORMASJON?

Dersom du har spørsmål om undersøkinga, kan du spørje personalet her på avdelinga om å få ein informasjonsbrosjyre.